


Norsk Friidrett Sogn og Fjordane Handlingsprogram 2018-2019



Sogn og Fjordane Friidrettskrins -populær og engasjerande for alle!

Sogn og Fjordane Friidrettskrins består av 64 medlemslag, dei aktive, tillitsvalde, leiarar og ressurspersonar bidreg til å utvikle friidretten i Sogn og Fjordane.

Med felles innsats og godt samspel skapar alle aktørane i Sogn og Fjordane Friidrettskrins positive resultat og bidreg til å nå våre mål. Friidretten har eit stort mangfald av øvingar og aktivitetar for alle nivå, ambisjonar og forutsetningar.

Friidrett engasjerer både unge og gamle, menn og kvinner. Sogn og Fjordane Friidrettskrins har pr. mars 2018, 7131 aktive medlemmar og 64 medlemslag.

Friidretten i fylket



Sogn og Fjordane Friidrettskrins har 64 medlemslag i 25 av 26 kommunar i fylket, unntaket er Solund kommune.

Klarlegging av omgrepa

Sogn og Fjordane Friidrettskrins

og Norsk Friidrett

Omgrepet Sogn og Fjordane Friidrettskrins vert brukt på fylkesleddet i organisasjonen med administrasjon og styre. Sogn og Fjordane Friidrettskrins vert nytta som det juridiske navnet på organisasjonen.

Norsk Friidrett inkluderer sentralt nivå, krinsane og klubbane heile organisasjonen. I denne samanhengen vert namnet Norsk Friidrett Sogn og Fjordane nytta.



Vårt verdigrunnlag, etikk og haldningar

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere prega av:

- **Glede, helse, ærlegheit og fellesskap.**
- **Sunne haldningar.**
- **Tillit og lojalitet.**
- **Meistring, begeistring og grensesprenging.**
- **Open og inkluderande- alle skal kunne føle seg ivaretekne uansett ambisjonar og nivå.**
- **Ingen toleranse for bruk av doping.**



Odd Bjørn Hjelmeset viser veg for unge også på idrettssana

Organisasjonskultur

Ein føresetnad for å etterleve Norsk Friidrett sine verdinormer er at vi har:

- **Tydelege mål, vegvalg og planer.**
- **Felles oppslutning om mål og arbeidsmetodar.**
- **Aktiv medverknad frå medlemslag og deira medlemmer.**
- **God kommunikasjon mellom alle ledd i krinsen.**
- **Ein kultur der vi gjer kvarandre gode.**
- **Tydeleg leiing.**
- **Ønskje om å spele på same lag.**

Visjon og overordna mål

VISJON: Norsk Friidrett:

Flest muleg-best muleg-lengst muleg

Forklarande tekst til vår visjon:

”Vi skal styrke friidrettens posisjon som ein av fylkets mest attraktive idrettar. Vi skal tilby eit godt og mangfaldig aktivitetstilbod for alle nivå, ambisjonar og forutsetningar. Vi skal bidra til å skape sterke positive kjensler, stolte augneblikk og solide samfunnsverdiar. Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bidra aktivt til å skape toppidrettsutøvarar, friidrettsglede blant barn og ungdom og helseførebyggjande mosjonsglede i heile fylket”.

For å nå våre ideelle mål både på konkurransesektoren, i forhold til barn og ungdom og med tanke på mosjon, må vi kontinuerleg styrke organisasjonen generelt og klubbane spesielt. Dette for å kunne ta i mot fleire som vil drive med våre aktivitetar og gje dei kvalitativt gode tilbod.

Hovedmål:

Auke aktiviteten i klubbane og auke talet på medlemslag. Satse på utvikling av tradisjonell friidrettsaktivitet og mosjon.

Strategiske satsingsområde:

Norsk Friidrett sine organ har valgt ut 11 område som skal ha sterk merksemd og prioriterast i planperioden. Dei prioriterte områda er:

- Barn og ungdom
- Toppidrett
- Talentutvikling
- Klubbutvikling
- Idrett for funksjonshemma
- Mosjon
- Trenarutvikling
- Arrangementsutvikling
- Organisasjonsutvikling
- Anlegg
- Kommunikasjon



Nytt delanlegg i Olden stod ferdig hausten 2014 med skulen som næraste nabo

Mosjon

Hovedmål

Norsk Friidrett skal vere Norges fremste og største tilretteleggar av utandørs mosjonsaktivitetar i perioden april-oktober. Vi skal også vere blant dei største mosjonsorganisasjonane gjennom vintersesongen.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal legge til rette for mosjonsaktivitet og stimulere til at alle friidrettsgrupper har trim og mosjonstilbod.

Delmål

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal stimulere friidrettsgruppene og gje dei informasjon slik at dei legg til rette for auka mosjonsaktivitet.
- Alle friidrettsgrupper bør legge til rette for trimpostar/fjelltrim, og Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal oppfordre til at trimpostene skal bli godt publisert som mosjonsaktivitet gjennom sine kanalar. I fleiridrettslag som har denne typen aktivitet etablert skal ein arbeide for at denne blir implementert i friidrettsgruppa.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar for at friidrettsgruppene har ulike trim og mosjonsarrangement. Målsettinga er at kvar friidrettsgruppe bør ha minst 2 lokale trim/mosjonsarrangement pr. år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere ein pådrivar for å få gjennomført sentralt initierte mosjonstiltak/kampanjer i medlemslaga.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar for at friidrettsgrupper får med alle grupper i samfunnet på trim og mosjonsaktivitet (små, store, funksjonshemma osv).
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar for at friidrettsklubbane arrangerar løp/trim-karusellar med og utan tidtaking.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal informere friidrettsgruppene slik at dei årleg melder inn trim og mosjon på Idrettsregistreringa iht gjeldande retningslinjer.



Sogn og Fjordane har mange motbakkeløp som gjev eit godt tilbod til både mosjonistar og konkurransedeltakarar.

Barn t.o.m 12 år

Hovedmål:

Norsk Friidrett skal rekruttere fleire barn til gode aktivitesmiljø. I perioden skal Norsk Friidrett ha 20% auke i antal barn som driv regelmessig med friidrett.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal legge til rette for og stimulere klubbane til å gjennomføre sentrale tiltak som er retta mot barn, ungdom og skulane.

Krinsen og medlemslaga skal også jobbe opp mot fleiridrettslag og bidra til at friidrett vert ein del av idrettsskulane for barn i alderen 6-12 år.

Delmål:

- Stimulere klubbmiljøa slik at ein gjennomfører minst ein årleg Friidrettsskule i kvar kommune.
- Stimulere klubbane til å arrangere sentralt initierte tiltak for barn og unge.
- Få større rekruttering til friidretten frå Tinestafetten gjennom tettare samarbeid mellom klubbar og skulane. Stimulere til arrangement som oppfølgingstiltak etter Tinestafetten.
- Stimulere til at klubbane arrangerer lokale stevne for aldersgruppa under 12 år med gode rettleiarar. Arbeide for fleire stafettarrangement for barn med sterkt lagfokus.
- Krinsen skal saman med medlemslaga marknadsføre og bidra med kompetanse overfor skular slik at flest mogeleg barn får tilbod om å ta skuleidrettsmerket.
- Tilretteleggje for at funksjonshemma skal delta på linje med funksjonsfriske.
- Stimulere til at barn og unge møter gode førebilete og rusfrie miljø i friidretten.
- Sikre at det blir utdanna aktivitetsleiarar for barn i klubbane som kan bidra inn mot rekrutteringa i den enkelte klubb.
- Stimulere klubbane til å setje i gang karusellar på lagsnivå som eit rekrutteringstiltak til friidretten med fokus på mangfald og meistring.

Ungdom 13-25 år

Hovedmål:

Norsk Friidrett skal jobbe målretta for at fleire ungdommar held fram med friidrett. Norsk Friidrett skal ha minst 15% auke i antal aktive medlemmer mellom 13 og 19 år og 10 % auke i aldersgruppa 20-25 år.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for å hindre fråfall i aldersgruppa 13-25 år gjennom fellestiltak i krinsregi og gjennom å stimulere til klubbsamarbeid der utøvarer blir sett i fokus og får tilgang til den kompetansen som klubbmiljøa har i sitt nærområde.

Delmål:

- Sterkt fokus på samlingar og deltaking i nasjonale tiltak for 13 og 14 åringane. Vidareføre og vidareutvikle konkurransar for krinslag for denne målgruppa. Tilrettelegge samlingar i og utanfor sesongen med attraktive instruktørar med rettleiing til alle som vil drive friidrett uavhengig av prestasjonsnivå.
- Bidra til at alle ungdommar finn friidretten attraktiv gjennom eit godt miljø og sterk vektlegging av det sosiale idretten står for.
- Tilrettelegge for samlingar i innandørshall med rundbane vinterstid.
- Saman med klubbane syte for eit godt stemnetilbod i fylket som er koordinert med viktige stemne utanfor krinsen.
- Bidra med kompetanse og kontaktar til klubbar som vil arrangere treningsopphald i utlandet vinterstid.
- Knyte kontaktar mellom utøvarar og ny klubb på utdanningsstad når ungdom reiser ut av fylket, der utøvarar har slike behov. Dette for å sikre at utøvarar held fram med friidrett i samband med endring av utdanning/jobbsituasjon.
- Opprette rekrutteringsansvarleg i styret som har tett dialog med klubbmiljøa.



PEABleikane skapar samhald på tvers av klubbgrensene

Toppidrett og Talentutvikling

Hovedmål:

Norsk Friidrett skal tilrettelegge for utvikling med formål om å skape utøvarar som kan ta medaljer i framtidige internasjonale meisterskap.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at utøvarar som vil bli toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg i eige fylke.

Delmål

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bidra til at friidrettsgruppene har trenarar/leiarar med god kompetanse.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna fleire aktivitetsleiarar med målsetting om minst 4 kurs kvart år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna nok kurslærarar til å gjennomføre aktivitetsleiarkurs.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna fleire ungdomstrenarar og ha som mål og avvikle minst eit kurs kvart år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir arrangert kretsdommarkurs med mål om minst 3 kurs pr år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal gi tilbod til og inspirere trenarar til kompetanseheving.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins vil vere pådrivar til å auke friidrettskompetansen til kroppsøvingslærarar, og få meir friidrett inn i kroppsøvingstimane på barne- og ungdomsskulen m.a gjennom aktiv marknadsføring av nettsida www.friidrettiskolen.no

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere oppdatert på trenar/leiarersituasjonen i laga og leggje til rette for utdanningstilbod tilpassa laga sine behov



Øyvind Strømmen Kjerpeset, Florø T&IF og Ezinne Okparaebo meg kongepokalar i NM 2013

Anleggsutvikling

Hovedmål:

Norsk Friidrett skal arbeide for framvekst av anlegg som gjer friidrett for alle moglege.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at ein har tidsmessige anlegg for friidrett i heile fylket. Utvikling av fasilitetar for mosjon er ei prioritert oppgåve spesielt retta mot folkehelse.

Delmål:

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for å oppretthalde alle etablerte anlegg med kunsstoffdekke for friidrett som fullverdige anlegg med fasilitetar for alle friidrettsøvingane på eit og same anlegg.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for bevaring av naturgras på anlegg som er felles for friidrett og fotball.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere ein aktiv pådrivar og rådgjevar for bygging og utvikling av nye friidrettsanlegg opp mot fylkeskommune, kommunar, idrettsråd og idrettslag.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal gje fagleg bistand for medlemslaga i alle former for anleggsutbygging/utvikling/rehabilitering.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bistå med kompetanse på utvikling av delanlegg og nærmiljøanlegg i kommunane.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide aktivt for å få etablert tidsmessige delanlegg for friidrett, gjerne i tilknytning til skular slik at friidrett lettare vert ein naturleg del av kroppssøvningsfaget.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at medlemslaga har fokus på utvikling av løyper for turstiar for gang og løpsbasert mosjonsaktivitet.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at det vert etablert fleirbrukshall med fast dosert løpebane på 200m og friidrettsinstallasjonar i Sogn og Fjordane.
- Universell utforming med tilgjengelegheit for alle må ligge til grunn for alle idrettsanlegg.

Kompetanseutvikling

Hovudmål

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere ein kompetent organisasjon som inspirerar til at det blir teke utdanning, verv og roller innanfor friidrettsgruppene i kretsen.

Delmål

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bidra til at friidrettsgruppene har trenarar/leiarar med god kompetanse.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna fleire aktivitetsleiarar med målsetting om minst 3 kurs kvart år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna nok kurslærarar til å gjennomføre aktivitetsleiarkurs.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir utdanna fleire ungdomstrenarar og ha som mål og avvikle minst eit kurs kvart år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere pådrivar til at det blir arrangert kretsdommarkurs med mål om minst 3 kurs pr år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal gi tilbod til og inspirere trenarar til kompetanseheving.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins vil vere pådrivar til å auke friidrettskompetansen til kroppsøvingslærarar, og få meir friidrett inn i kroppsøvingstimane på barne- og ungdomsskulen m.a gjennom aktiv marknadsføring av nettsida www.friidrettiskolen.no
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere oppdatert på trenar/leiarersituasjonen i laga og leggje til rette for utdanningstilbod tilpassa laga sine behov.



NFIF si kompetansehelg i Trondheim med deltakarar frå Sogn og Fjordane

Organisasjonsutvikling

Hovudmål

Norsk Friidrett skal ivareta og auke antal medlemmar gjennom å vere ein attraktiv organisasjon å engasjere seg i. Norsk Friidrett skal sleppe til og gjere nytte av kompetanse, engasjement, kreativitet og innsatsvilje.

Delmål

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bidra til at eldsjeler og ressurspersonar skal bli godt skulerte og ivaretekne.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal yte hjelp og rettleiing til medlemslaga og bidra til at desse kan gjennomføre størst mogeleg aktivitet.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal gjennomføre klubb utviklingsprosessar i klubbar som ynskjer eller har behov for dette. Målsetjinga er minst 3 klubb utviklingsprosessar kvart år.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal sikre god informasjonsflyt i heile organisasjonen gjennom aktiv bruk av elektroniske hjelpemiddel, sosiale media og gode nettsider og direkte kontakt med klubbane sine tillitsvalde.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere aktive i arbeidet med å rekruttere nye medlemslag til friidretten.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal bidra til auka kompetanse i medlemslaga gjennom tilrettelegging av utdanningstilbod for trenarar og leiarar på alle alderstrinn.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal ha ein administrasjon som har god kompetanse og er i stand til å gje medlemslaga rettleiing og støtte i deira arbeid.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at tillitsvalde kan bli valde og kan bidra i høgare organisasjonsledd innan Norsk Friidrett.

Arrangementsutvikling

Hovudmål

Sogn og Fjordane skal ha attraktive stevne og arrangement for alle aldersgrupper. Målet er at ein gjennom gode arrangement oppnår auke i aktiviteten og at dei som deltek får lyst å komme tilbake.

Delmål

- Nytte tilgjengelege dataverktøy i samband med arrangement
- Bidra til at klubbane får nødvendig opplæring i bruk av arrangementsløysingar.
- Stille eige krinsen sitt arrangementsutstyr til rådvelde for klubbane.
- Legge til rette for utdanning, opplæring og etterutdanning av startarar og dommarar.
- Utdanne kurslærarar som kan bidra med auka arrangementskompetanse i klubbane.
- Oppmode og bistå klubbane til å søkje større nasjonale arrangement lagt til fylket.
- Gje tilbod til funksjonshemma i arrangement i fylket.
- Gje eit godt stemnetilbod for alle grupper uavhengig av ambisjonar og nivå.



Krinsen har to gode arrangementsmiljø som jamnleg har nasjonale og internasjonale arrangement, Florø Stadion

Marknad/Økonomi

Hovudmål

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal framstå som ein attraktiv samarbeidspartner og sponsorbjekt som gjer det mogeleg å drive friidrett i heile fylket. Krinsen skal arbeide for å utvikle gode økonomiske rammevilkår for friidretten i fylket.

Delmål

- kartlegge aktuelle samarbeidspartnarar i næringslivet for marknadsføring av klubbar og krets.
- vidareføre eksisterande samarbeidsavtaler, samt arbeide aktivt for nye avtalar.
- arbeide for auka støtte frå det offentlege til idrett og folkehelse.
- arbeide for marknadsføring av friidretten i fylket via sosiale media.
- vidareutvikle nettsidene og gjere dei attraktive for sal av annonsar.
- arbeide aktivt inn mot annonsørar for sal av annonsar.



Gode arrangement er viktige for å vere attraktive for næringslivet, her frå Høgdegalla i Vik

Samfunnsengasjement

Hovudmål

Det skal arbeidast kontinuerleg for å bevisstgjere politikarar og myndigheiter om Sogn og Fjordane Friidrettskrins og medlemslaga sine aktivitetar og kva betyding og verdi desse har for samfunnet.

Delmål

- Sogn og Fjordane Friidrettskrins, og tilslutta klubbar, skal framstå som ein viktig aktør for å fremje barn og unge sine oppvekstvilkår.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for å betre rammevilkåra for friidretten for barn og unge.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal fremje friidretten sine interesser innan anleggspolitikken og vise initiativ og bistå klubbar og offentlege myndigheiter i forhold til bygging og rehabilitering av anlegg og hallar for friidrett
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal framstå som ein positiv samarbeidspartnar for folkehelsearbeidet i fylket.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal vere ein pådrivar for at læreplanane vert betre utnytta, slik at kroppøvlingslærarane vert bevisstgjort på friidretten sine mulegheiter i skulen spesielt retta mot allsidigheit og utvikling av basisferdigheiter.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins vil arbeide for å halde ein god miljøprofil på alle plan innanfor organisasjonen ved t.d transport, trening, konkurransar, mosjonsaktivitet, arrangement, anleggsarbeid og ordinær drift.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins vil arbeide aktivt for ein rein og sunn idrett og implementere dette i medlemsklubbane i heile fylket.
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal ta initiativ til å arrangere fagmøte for aktive, trenarar og leiarar med haldningsskapande innhald mot bruk av doping.



Idrett skapar trivsel for alle aldrar

Ansvarsfordeling

Hovudmål

Sogn og Fjordane Friidrettskrins skal arbeide for at alle ledd i organisasjonen står best mogeleg rusta til å tilby gode aktivitetar i klubbmiljøa.

Delmål:

- Ta vare på alle dei frivillege som gjer ein innsats for friidretten.
- Ha ei servicebasert tilnærming til arbeid med klubbar, trenarar, arrangørar og friidretten i eige fylke.
- Vere ein aktiv medspelar og tilretteleggar for friidretten i fylket.
- Å revitalisere klubbar med liten eller ingen aktivitet.
- Å følge opp dei sentralt intierte tiltaka innanfor barn og ungdom, kompetanse, talentutvikling, anlegg og organisasjon.
- Arbeide for at friidretten sin plass i skulen vert ivareteken og stimulere til samarbeid mellom klubbane og skulen.
- Å ha ein støtte og rådgjevarfunksjon overfor klubbane i forhold til kommunale myndigheiter i anleggsspørsmål.
- Å arbeide bevisst mot klubbane i forhold til kompetansehevande tiltak for trenarar, leiarar og dommarar.
- Å etablere og legge til rette for eit godt samarbeid mellom kretsane.